

Per Gjessing Høiland  
Nedre Dynnersmauet 1  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15507 - 20/67086

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
26.10.2020

## Tilbakemelding om mangler - gbnr 349/11 lo

Tiltak: Oppretting av grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr: 349/11  
Tiltakshavar: Per Gjessing Høiland  
Ansvarleg søkjar: Per Gjessing Høiland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.09.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I søknaden om frådelling under punkt 11 kjem det ikkje fram størrelse på arealet som er omsøkt frådelt.
2. Situasjonkartet er ikkje målsatt i høve mål/areal på tomt, avstand mellom bygg, avstand til offentleg veg osv. Om det er bygg som blir liggande nærmare enn 4 meter frå grensa etter frådelling, krev det søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 eller samtykke frå eigar av naboeigedomen.
3. I gjeldande kommunedelplan er arealet avsett til framtidig bustadområde (B\_16) der det er krav om reguleringsplan. Under punkt 2.1 er det i visse tilfelle gjeve unntak frå kravet knytt til reguleringsplan, for eksempel i tilfelle som omfattar frådelling av tilleggsareal inntil 200 m<sup>2</sup> eller arealoverføring. Vi minner om at ein dispensasjon må vera grunngeve (sjå vedlegg) og nabovarslast.
4. Vidare er tiltenkt bruk for parsellen fritidsbustad. Det er også naudsynt med ein dispensasjon frå føremålet «bustad» om ein vil nytta parsellen til «fritidsbustad». Vi minner om at ein dispensasjon må vera grunngeve (sjå vedlegg) og nabovarslast.
5. Tiltaket krev løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse frå fylkesveg. Det er Vestland Fylkeskommune som handsamar løyve til utvida bruk frå fylkesveg.

6. Eigedommen må vera sikra vegrett, rett til vatn og avlaup. Dette må fylgja søknaden om frådelling.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **25.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Per Gjessing Høiland  
Per Gjessing Høiland

Nedre Dynnersmauet 1	5011	BERGEN
Nedre Dynnersmauet 1	5011	BERGEN